

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
003/17	Valstyret	PS	03.05.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	17/1046

## Stortings- og sametingsvalet 2017 - mottak og handsaming av førehandsrøyster

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**«Rådmannen får fullmakt til å oppnemna personell til mottak, handsaming og godkjenning av førehandsrøystene i samband med stortings- og sametingsvalet 2017.»**

### Valstyret - 003/17

#### **VS - behandling:**

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **VS - vedtak:**

**«Rådmannen får fullmakt til å oppnemna personell til mottak, handsaming og godkjenning av førehandsrøystene i samband med stortings- og sametingsvalet 2017.»**

#### **Saksopplysningar:**

#### **Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn**

I samband med tidlegare val har det vore oppnemnd faste personar til å opna og godkjenna førehandsrøystene.

Valstyret vert rekna som eit "fast utval" og kommunelova sine reglar om val, sakshandsaming i utvalet og delegeringsmynde gjeld difor, jfr. kl. § 10.

Etter delegeringsreglane i kommunelova, § 23 nr. 4. kan rådmannen få delegert vedtaksmynne i saker av "ikkje prinsipiell" karakter. Som eksempel på slike saker er vist til prøving av kurante førehandsrøyster.

Nye arbeidsformer som følgje av ny teknologi gjer at ein treng mindre mannskap til arbeidet med

innkomne førehandsrøyster. I staden krev organisering og gjennomføring av sjølve førehandsrøystinga meir ressursar då denne oppgåva er lagt til kommunen.

Ved tidlegare val har rådmannen fått fullmakt til å oppnemna personar til mottak og behandling av førehandsrøystene. Fullmakta vil og gjelda i høve til supplering dersom det skulle verta trøng for det i samband med fråver eller andre årsaker.

### **Vurdering**

Handtering av førehandsrøystene før valet vert gjort administrativt og det er mest praktisk at rådmannen får fullmakt til oppnemning av personell til oppgåvane.

Folkehelse – ikkje vurdert i saka

Miljø – ikkje vurdert i saka

Økonomi – ikkje vurdert i saka

### **Konklusjon**

Det er mest føremålstenleg at rådmannen har fullmakt til oppnemning av personell. Då kan ein og fort supplera med nye personar dersom det skulle verta trøng for meir mannskap i løpet av perioden.